

# Referat frå årsmøte

Møtet fant stad på Universitetet i Oslo, 27.oktober 2005, kl. 16:45- 17:30

Deltakarar frå styret

- Dag Atle Lysne, leiar
- Siv Almendingen, kasserar
- Svin Hoff, nestleiar og med ansvar for NNN sine nettsider
- Anders Isnes, representant frå Naturfagsenteret
- Merete Økland, varamedlem

## Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling
2. Val av møteleiar og referent
3. Val av 2 personar til å underskrive årsmøtereferatet
4. Årsmelding
5. Resultatrekneskap for 2004
6. Budsjett 2006
7. Val

## Sak 1: Godkjenning av innkalling

Innkalling blei godkjent.

## Sak 2: Val av møteleiar og referent

Dag Atle Lysne blei valt til møteleiar og underteikna blei valt til referent.

## Sak 3: Val av 2 personar til å underskrive årsmøtereferatet

Espen Henriksen og Hilde Harnæs blei valt til å skrive under referatet frå årsmøtet

## **Sak 4: Årsmelding**

*Årsmelding blei gjennomgått og vedtatt.*

Følgjande område var satt opp som hovudfokus for det komande året:

- utstørsforholda i skulen for å arbeide praktisk med naturfag
- innføringa av nye læreplanar, spesielt med tanke på implementering av grunnleggande dugleikar i naturfag og de nye hovudemna (forskarspira og teknologi og design) som det skal gjevast rom for
- om vi bør gå for nasjonale prøver i naturfag
- om skolens nye organiseringsformer (i lærarteam og elevstyrte arbeidsøker) tar vare på fagleg kvalitet.

Det blei ei kort meiningsutveksling om NNN bør gå inn for nasjonale prøvar i naturfag. Det blei semje om at NNN bør gå inn for nasjonale prøvar i naturfag. Argument for dette er:

- eit auka fokus på resultat i naturfag som igjen kan medføre auka fokus på etterutdanning i faget
- den nye regjeringa vil revidere dei nasjonale prøvane og då er det rette tidspunktet å fokusere på nasjonale prøvar i naturfag
- nasjonale prøvar kan auke erkjenninga om at naturfag er eit realfag sidan faget har komen i skuggen i forhold til matematikk

Det blei tatt opp at eit nytt mål bør vera å få ein Mastergrad i naturfag som studentane kan ta etter fullført lærarutdanning som inkluderer minimum årskurs i naturfag. Dette krev ei viss samordning av kursa i naturfag ved dei ulike høgskulane. Det blei ikkje tatt noko vedtak i denne saka.

Andre fokusområde som blei diskutert: distriktsfiendtleg nedbygging av miljøa ved dei små høgskulane, krav om minstekompetanse for lærarar, om etterutdanningsmidlane blir brukt mot naturfag slik tenkt og korleis smakebitar frå programfaga kan verta gjeve på ein god måte i ungdomsskulen.

NNN ynskjer ein større aktivitet blant medlemmane i forhold til idelinken på heimesida. Gode undervisningsopplegg som er under utprøving eller som er utprøvde kan leggjast ut på NNN sine nettsider til inspirasjon for kollegaer og andre interesserte.

## **Sak 5: Resultatrekneskap for 2004**

*Årsrekneskapet blei gjennomgått og vedtatt.*

I forhold til året før var det brukt mindre midlar på representasjon for NNN, og meir på administrative oppgåver. Inntektene var som forventa.

### **Sak 6: Budsjett 2006**

*Budsjettet blei vedtatt.*

Det er satt av meir midlar til representasjon for NNN og mindre på styremøte og årsmøte. Vidare er det satt av midlar til utviklingsarbeid som medlemmane kan søkje om.

### **Sak 7: Val**

Dag Atle Lysne stod på val. Han blei gjenvalt som styreleiar i NNN ved akklamasjon.

Merete Økland

Referent